

KYRKJELA

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4

Oktober • 1996

50. årg.



Altartavla i Eksingedalen kyrkje

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Min hyrding

Min hyrding er vår Herre Gud,
og inkje meir eg treng.
Han gjev meg kraft og leier trygt
til kvild på grøne eng.

På rette sigar leier han
til ære for sitt namn.
I mørke dalen er eg trygg,
mi borg er Herrens famn.

Du gjev meg miskunn all min dag,
alt godt med handa di.
Og eg får bu i Herrens hus
i all mi levetid.

Salme 23 / Arve Brunvoll 1976

Les i dette nr..

40-års
konfirmantjubileum
Side 3

Fjellvandrings-weekend
Side 4

Søndagsskulens Dag
Side 5

Konfirmant-weekend
Side 6-7

Jubileumsstoff
Side 8-9

Ein oase i kvardagen
Side 10



Guds Hus


I hundre års tid har Gudshuset samla, folket på Dale når klokkene kalla. Kalla på gamle så vel som på unge, mykje av salmar på Dale er sunge.

Gudshuset står der, men ikkje til pynt, ordet er tala, frå stolen forkynt. Ordet om lov og ordet om nåde, begge i sinnet så gjerne vil ráde.

Salmar i kyrkja det høyrer jo med, korsong og salmar sinnet vårt gled. Lyfter oss opp, gjev sjela vår mat, trengjer vekk bå' vond skap og hat.

Lat oss så vandra til kyrkja vår då, ja, lat søndagsturen til kyrkjehus gå. Rikare heimatt du fer enn du kom, takk, takk for Dale sitt kyrkjerom.

Ragnvald Kringlebotten



Dale Kyrkje. Foto: Reidar Takvam

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 13. november 1996.
Bladet kjem ut i veke 50 som byrjar med 9. desember.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand. Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

Kyrkjekontoret for Vaksdal
Adr. **Boks 113, 5280 Dalekvam**
Vitjingsadr. **Fabrikkvegen, Dale**
Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag
kl. 09-13
Tlf. 56 59 61 20

Soknepr. Frode Kvamsøe **56 59 73 15**,
privat
Kappelan Bård Egil Dyrhol **56 59 70 88**
privat og kontor

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 60,-
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.

40-års konfirmant-jubileum

På biletet ser vi ein del av dei siste konfirmantane i gamle Dale Kyrkje. Det er no 40 år sidan. Konfirmasjonsdagen var 7. oktober 1956, og presten vår var Nikolai Lien.

Det er vanleg at 50-årsjubilantane møtest til jubileum. Men i høve Kyrkjebileet i år fekk Dale Sokneråd ideen til "gjera stas" på oss 40-årsjubilarar. Dei tykte at dette kunne høva i samband med Daledagane. Så 24. juni vart vi innbedne til gudsteneste og samkome i Dalekjellaren etterpå.

Det var presten Bård Egil Dyrhol som hadde gudstenesta. Det var eit nydeleg verden dagen, og sola skein vakkert inn gjennom kyrkjeglasa. Dette høvde godt sidan det var både barnedåp og nattverd, og vi var spesielt innbedne som konfirmantar. Det vart ei fin ramme rundt dagen.

Etter gudstenesta gjekk vi i Dalekjellaren, der medlemar frå Dale Sokneråd hadde dekkta fint på småbord til oss. Vi fekk nydeleg betasuppe som smakte fortreffleg. Etterpå var det kaffi og heimebaka kaker. Presten var med oss heile tida, og sokneprest Frode Kvamsøe kom også innom. Lars Ragnvaldsen var der også, og han spela eit par stykke for oss, og akkompagnerte også til songane som var tekne ut i høve samkoma. Det var kjende og kjære tonar.

Marie Brit Bjerke takka Dale Sokneråd på vegne av oss alle. Vi er svært takksame for ideen, og for alt arbeidet dei hadde lagt ned for å gjera det koseleg for oss. Endå ein gong hjarteleg takk til Dale Sokneråd for denne dagen.

Asfrid Brunborg Benevoli



40-års konfirmantar i Dale kyrkje 23.juni 1996

Foran frå høgre: Berit Hesjedal Gustavsen, Marie Brit Bjerke, Gerd Vatle, Else Berit Fenne, Kari Alvheim, Agnes Böttcher Jordal, Asfrid Brunborg Benevoli, Olaug Boge.

Bak frå høgre: Ivar Vaksdal, Egil Soltvedt, Steinar Dale, Henrik Rolland, Arthur Brudvik, Einar Dale, Odd Jan Bjørndal.

Foto: Reidun Takvam

Fjellvandrings-weekend

Helga 6.-8. september var me ein gjeng som var med på fjellvandrings-weekend i Straume- og Stamnesfjella. Turen starta frå garden til Mange Straume. Derfrå gjekk me opp Straumsdalen og stoppa ved Straumestølen. Etter at me hadde hatt ein pause fyrdet Kjartan Gullbrå opp eit lite bål. Der sat me og kosa oss og åt litt før Helge Gullbrå hadde ein andakt. Etterpå gjekk omrent alle for å leggja seg. Nokre sov i hytta til Magne Straume, nokre i telt og nokre under open himmel.

Laurdagen starta med frukost før Bård Egil Dyrhol kom opp og hadde andakt til oss. Etter andakt, hyttevask og pakking gjekk me vidare opp ei ur. På toppen av den kvilde med før vidare ferd. Me gjekk så langs ei elv og vidare gjennom Straumsdalen. Men slikt tok på og matpause måtte til. Den hadde me midtveis mellom Straumestølen og Blåtjødn. Etter endå mykje slit kom me til toppen, der me overnatta. Oppe på toppen smakte det med maten Ann Elin laga til.

Laurdagkvelden sat me nokre timer og snakka i lag før me la oss.

Søndag starta me turen mot Hesjedalen etter ein god frukost. På turen mot Hesjedalen held Jan Ole Høiby Hansen andakt.

Komne til Hesjedalen åt me mat Ann Elin laga til, og Kjartan Gullbrå, Anders Magne Tolås, Øystein André Langhelle og eg bada i Kattahølen.

Etter denne pausen bar det med bil heim etter ei fin, men også slitsam helg.

Jostein Kringlebotten



Utan mat og drikka er det ikkje lett å gå fjelltur.
Foto: Jostein Kringlebotten



Bård-Egil i fin form
Foto: Jostein Kringlebotten



Siv-Aina Gullbrå pustar ut.
Foto: Jostein Kringlebotten

Søndagsskulens Dag

15. september var me samla til Søndagskulens Dag på Flatekval. Det heile starta med familiegudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

Han tala over teksten om Marta og Maria der Marta har det så travelt at ho ikkje kan sitja ned og høyra på Jesus. Av og til treng me gjera som Maria og velja den gode lutten, høyra kva Jesus vil sei til oss. Men Jesus er like glad i deg anten du sit stille på til dømes søndagsskulen eller har problem med å vera stille, sa Dyrhol.

Jesus er glad både i store og små, avslutta Dyrhol før preika vart avslutta med at me song: Jesus ekskar alle barna.

I gudstenesta var det offer til søndagsskulen.

Mat, leik og song

Etter gudstenesta nytte me medbrakt mat til kjøpt drikke, og me leika oss ute i det fine veret før det heile vart avslutta med ei fin songøkt.

Til slutt avslutta Dyrhol og han sa at barnearbeidet er umoteleg viktig. Han retta ei stor takk til alle som står på for søndagsskulen, og sa at Jesus er verda sitt lys, dersom me føl han lever me i lyset. Jesus gjev lys over vegen me går i verda, sa Dyrhol.

R.K.



Bård-Egil Dyrhol saman med nokre av barna under gudstenesta.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Leik høyrer også med på Søndagsskulens Dag.

Foto Ragnvald Kringlebotten

Konfirmant-weekend

I motsetning til tidlegare, då konfirmanthelga har vore i oktober, prøvde me i prestegjeldet i år å samla konfirmantane til konfirmanthelg før dei for alvor startar med konfirmantundervisninga - og for ei konfirmanthelg!

Sjeldan, om nokon gong, har Fagertun vore så fullt som denne helga; Totalt med leiarar var me 61 menneske. Det betyr at det ikkje var ordinær sengeplass til alle. 11 heldige deltagarar og 4 leiarar måtte ligga på flatseng i det gamle skulehuset.

Leiren fekk ein nokså "søt" start då leiarane arrangerte karamellkveld fyrste kvelden. Fleire hundre karamellar vart delt ut og ete opp denne kvelden. Det er alltid litt vanskeleg å komma til ro fyrste natta på ein slik tur, og turen i år var ikkje noko unnatak i så måte. 10 min. etter rosignal kom leiarane rundt og jaga alle ut av romma att. Me skulle ut i skogen(!) på sporløp. Heile flokken vart difor delt inn i lag på 6-7 stk. Bundne saman rundt livet, og med berre 2 lommelykter pr. lag vart me så sende ut i haustmørket. Det var slett ikkje lett korkje å føta seg eller å finna alle postane, sjølv om løypa var merka med refleksar. Alle laga kom likevel velberga gjennom strabasane, sjølv om eitt lag gjekk løypa feil veg, og eit anna lag måtte knyta opp tauet rundt livet for å koma fram. Etter sporløpet var det fyrst ein ny leik i mørkret rundt leirstaden, før natta vart avrunda med med grilla pølser og kakao. Klokka var rundt 3 før det vart ro på leiren - og denne gongen var det leiarane si skuld.

Etter ei slik natt var det ikkje så merkeleg at det var ein del trøyte fjes å sjå ved frukosten på laurdagsmorgonen. Men så mykje tid til å slappa av og henta innatt krefter vart det likevel ikkje. Det var lagt opp til 2 undervisningsøkter på laurdagen, og mellom øktene var det aktivitetar. Alle kunne velga om dei ville på tur til Lavikastølen eller dra med ballspel ved leirplassen. Berre dei 4 aller sprekaste var med på fjelltur. Resten vart att og spelte volleyball og fotball.

Den andre undervisningsøkta var litt spanande. Då vart me delte inn i grupper, og kvar gruppe fekk i oppdrag å førebu sin del av preika til søndagen. Gruppene arbeidde med alt frå salmar

til preika. Det som kanskje valda mest diskusjon i gruppene var kven som skulle få oppdraget med å framføra det i gudstenesta dagen etter. Uansett lærte me litt meir om kva gudstenesta er og korleis den er bygd opp.

Laurdagskvelden var det leirkveld som seg hør og bør på ein slik tur. Som vanleg var det mykje galskap og moro på ein slik kveld, og i år hadde me også med "rop". Kapellanan sto og skreik så han så vidt hadde stemme att. Begge kveldane på leiren vart avslutta med ei god-nattsamling. Då song me nokre songar, hadde ei lita andakt, tende lys og ba. Det var godt å kunna avslutta ein innhaldsrik dag på ein slik stille og fin måte.

Alle på leiren var litt spente før gudstene. Nesheim kyrkje på sundagen, men det var ingen grunn til uro. Alle gruppene klarte seg veldig fint. Teksten i preika handla om Peter sitt møte med Jesus, og dei gruppene som hadde førebudd preika hadde laga dagboknotat til Peter og collagar med utklipp frå avisar. Det er ikkje berre Peter som har valet om å følgja Jesus eller ikkje. Også me har det valet, og det er mykje som vil lokka oss bort frå han.


Etter gudstenesta var det stort sett ikkje tid til anna enn å eta ein god søndagsmiddag, pakka og rydda litt før heimreisa stod for tur. Dei aller fleste reiste i ein ekstrabuss me hadde leigt. Berre leiarane var att etter at bussen var reist; Dei hadde den morosame jobben å vaska huset etter oss. Alle som var på leiren skal ha ein stor TAKK for at de var med på å gjera konfirmanthelga til den kjempehelga det vart.

Kjartan Gullbrå



Her er to konfirmantspirer.

Foto: Kjartan Gullbrå



Her er nokre konfirmantar og Bård-Egil i intens konsentrasjon.

Foto: Kjartan Gullbrå

To kong Harald om tru og bøn


Om Kong Harald Hårfagre heiter det i soga at han etter å ha lova å samla Noreg til eitt rike, også lova at han ikkje skulle ofra til nokon gudar som folk brukte å heidra, men berre til den Gud som skapte sola og verda. -Eg vil ikkje lita på nokon annan enn han som sjølv er den mektige og råder for alt.

(Frå boka "Med konger og dronninger til kirke gjennom 1000 år", Luther Forlag.

-Forbøna frå tusenvis av menneske, bidrar til å setja tenesta inn i ein større samanheng. Vi er sett inn i eit større fellesskap. Det er kraft i falda hender. Det kjennest godt at menneske ber for sjølve kongegjerninga.

(Kong Harald i boka "Kong Harald - monarkiet i medvind og motvind", Lunde Forlag.)

G u d s N å d e



KPK

(KPK)

Jubileumskonsert 6.desember

Det er kyrkjejubileum på Dale i desember, og då høyrer det også med ein jubileumskonsert.

Denne fredagskvelden vil vi få ein flott konsert med variert program. Orkesteret "Fossegrimen" vitjar igjen Dale kyrkje saman med kor og solist.

På programmet finn vi "Halleluja-koret" frå Händels "Messias" og fem engelske julesongar framført av kor og orkester. Orkesteret skal også ha sin eigen avdeling med m.a. eit par satsar frå Händels "Water Music" og ein sats frå symfoni nr. 7 av Schubert. Vi får også høyra Åshild Styve som solist på trumpet saman med orkesteret.

Det var over 200 songarar som ville vera med på "Fossegrimen" sitt prosjekt denne hausten, frå Aurland, Voss, Dale, Vaksdal og Trengereid. Så stort kor er det ikkje råd å få plass til. Difor vert det mest lokale songarar som vert med på dei tre konsertane i distriktet. I Dale kyrkje vil vi få høyra Dale Mannskor, Kordial, Trengereid Songlag saman med norske songarar frå Voss.



"Tonetindar" med Jo-Asgeir Lie på akkordion, Lars Erik Haga på flygel og songaren Margit Mørkve

Trioen "Tonetindar 15.desember

Julekonserten i år vert med tre unge talentfulle vossingar som formidlar "folkeleg" julemusikk til publikum i alle aldrar i nye og spande instrumentkombinasjonar.

Sopranen Margit Mørkve er ikkje ukjent for Dale-publikumet. Ho har vore solist saman med Dale Mannskor og underviser for tida i song ved musikklinja på Voss gymnas.

Jo-Asgeir Lie tar hovedfag i folkemusikk med akkordeon som hovedinstrument ved Norges Musikkhøgskule i Oslo.

Lars-Erik bur for tida på Vaksdal der han underviser i musikkkulen og dirigerer "Kordial". Samtidig studerer han piano, akkordeon og kordireksjon ved Griegakademiet i Bergen.

Programmet dei har på konserten, består av både norske og utanlandske julesongar. Vi kan gle oss til ei fin musikkoppleving denne søndagskvelden som vil markera avslutningen på kyrkjejubileet på Dale. Dette er det nærmaste vi kjem sjølve innviingsdagen for kyrkja som var 16. desember 1956.

Kyrkjesteden Dale 100 år

I år er det 100 år sidan den første kyrkja på Dale vart teken i bruk. I det høvet vert det i desember skip til jubileumsgudsteneste og konsertar.

1. desember vert det jubileumsgudstene-
ste i Dale kyrkje kl. 11 med middag for
alle som vil vera med i kantina etterpå.
Middagen kostar kr. 50,- for vaksne frå 7.
klasse, born elles gratis.


Eit jubileumsskrift vert utgjeve, og vil
vera i sal frå midten av november.

Det vert også **utstilling av foto** og ting frå
en gamle kyrkja.

To konsertar veret det også skipa til.

Ta deg tid til å vera med på dei ulike tilski-
pingane.

R.K.



*Dale kyrkje
1896 - 1956*

Dale Gamle kyrkje

Konsert Vaksdal

Onsdag 20. november skal årets musicalske storsatsing av stabelen i Vaksdal kyrkje. Anne Lise Berntsen, internasjonalt kjent sangerinne med mange plateinnspelinger og Nils Henrik Asheim, komponist og organist, han har mellom anna skrevet OL-fanfaren til Lillehammer-OL.

Dei gjestar Vaksdal kyrkje med programmet "Engleskyts". Dette er eit veldig spesielt folketone-program, som vart gjeve ut på CD av Kirkelig Kulturverksted i 1994. Ved denne konserten vil publikum få høyra kjente salmar som "Eg veit i himmerik ei borg" og "Herre Gud ditt dyre navn og ære" med en folketone frå Ytre Arna, men også stoff som truleg ingen kyrkjelydar har sunge på fleire generasjoner.

Så den dagen bør me finna vegen til Vaksdal kyrkje.



Anne Lise Berntsen og Nils Henrik Asheim.
Foto: Fotograf Herborg Pedersen

EIN OASE I KVARDAGEN

Har du nokon gong ynskt at du kunne reisa bort nokre dagar, bort frå alle plikter og oppgåver, frå alle krav til deg og berre vera deg sjølv - med tid for tankar og fordjuping?

Det har eg mange gonger hatt lyst til, og no i haust fekk eg høve til det. Ved eit tilfelle fekk eg kjennskap til at det skulle vera *Sjelesorgdagar* ved Fjordly Omsorg - Retreat. Fjordly ligg ved Bryggja i Nordfjord, ei naturperle ved sjøen. Det meste av tida eg var der, var det fint ver, men vi fekk også sjå staden i regn og ruskever.

Bengt og Annika Pleijel frå Sverige skulle halda foredrag/bibeltimar. Han er pensjonert prest og forfattar, og ho er forfattar og sjelesørgar. I tillegg var Marit og Audun Aase med som leiarar. Han er sokneprest i Samnanger, og ho er sjukepleiar.

Vi var berre 10 deltagarar og 6 leiarar, og heilt frå fyrste stund merka vi varmen og omsongen for kvar enkelt av oss. Staden er berre 1 1/2 år, og det er Jorunn Glomnes, diakoniarbeidar, som er dagleg leiar.

Sidan dette var tema-dagar, var det undervisning både føremiddag og ettermiddag. Bengt og Annika opna for oss nokre av skattane som Gud gjerne vil gje oss. Dei viste også kva som kan stengja desse ute frå livet vårt og korleis vi kan gjera noko med dette.

Kvar morgen var det felles morgon-samling/bøn i kapellet. Ein kveld hadde vi nattvergdugsteneste i kyrkja, og det var god tid til samtale, rettleing og forbøn. Kvar av oss valde sjølv kor mykje vi ville ha kontakt med dei andre. Det var høve til å trekka seg tilbake, kvila, gå ein tur i vakker natur eller fordjupa seg i dei tema vi hadde gått igjennom.

Eg er utruleg takksam for at eg fekk desse dagane og vil gjerne oppmoda andre, anten enkeltvis eller små grupper, til å finna tid til nokre dagar der ein kan "ta seg inn att" og henta nye krefter.

Fjordly har tre ulike tilbod:

Omsorg - opne dagar for gjester -

I periodar treng dei fleste ro til å bearbeida kvardagen sin. I mange av livets ulike situasjonar treng vi medmenneskeleg kontakt for å takla kvardagen.

Temadagar - hjelp i kvardagen -

Aktuelle tema som sjukdom, sorg og andre vendepunkt i livet som krev omstilling og tilpassing.

Retreat - fordjuping i Bibel og bøn -

Det hektiske livet vi fører, gjer at mange av oss treng å koma litt avsides for å finna atteinde til oss sjølve og Gud for å få ny inspirasjon. Retreat og Stille dagar er ei hjelpe til dette gjennom fast dags-rytme, stillheit og fordjuping i Bibel og bøn.

Reidun Takvam

PROGRAM

1.-3.november - "Å leve åleine"

Temahelg ved

Britt Randi Heggheim,
Anne Rosenberg og
Sigrun Berge Raae.

29.nov. - 1.des. Retreathelg

Else og Kjell Tonheim

Det er opne helgar og veker for omsorg også utanom det oppsette programmet. Ta gjerne kontakt for informasjon

**Fjordly Omsorg Retreat, 6760 Bryggja
57 85 34 25 - 57 85 33 85**



Bilde av Annika og Bengt Pleijel
Foto: Reidun Takvam

Nils Myster er død

Det er ikkje vanleg at vi skriv minneord i Kyrkjebladet, men i dette høvet er det ein av dei tilsette som er død.

Nils Myster døydde brått måndag 16. september, 84 år gammal.

Han var kyrkjetenar i Eidsland kyrkje - og kona Sigfrid er reinhaldar og kyrkjegardsarbeidar same stad. Nils Myster har vore kyrkjetenar i over 30 år, men i heile sitt vaksne liv har han gjort ulike tenester i sokneråd og fellesråd. Vi er takksame for den innsatsen han gjorde, og kjem til å sakna han.

Vi lyser fred over Nils Myster sitt minne.

**Helsing frå medarbeidarane
v/Frode Kvamsøe**

AVLIDNE

DALE

- | | |
|-------|-------------------------------------------------|
| 21.08 | Helga Marie Solberg f.1915
døydde i Sverige. |
| 07.09 | Ingeborg Grøttå, f. 1904 |
| 29.09 | Otto Tveiterås, f. 1927 |
| 02.10 | Maria Fjellanger, f. 1896 |



VAKSDAL

- | | |
|-------|----------------------------|
| 19.09 | Guro Bøen Sæterdal, f.1908 |
| 11.10 | Anny Lund Vaksdal, f. 1922 |

STAMNES

- | | |
|-------|--------------------------|
| 06.09 | Olav J. Straume, f. 1916 |
| 13.09 | Vidar Straume, f. 1943 |

EIDLSDAL

- | | |
|-------|----------------------|
| 16.09 | Nils Myster, f. 1912 |
|-------|----------------------|



SLEKTERS GANG

DØYPTE

DALE

- | | |
|-------|-------------------------|
| 09.06 | Kim André Skaftun Søvik |
| 01.09 | Steffen Kvamme |
| 29.09 | Henrik André Olsnes |
| 13.10 | Sondre Simmenes Wiers |



STAMNES

- | | |
|-------|------------------|
| 08.09 | Hilde Grenasberg |
|-------|------------------|



EIDLSDAL

- | | |
|-------|----------------------------|
| 06.10 | Bård Harry Bolstad Eikefet |
|-------|----------------------------|

VIGDE

VAKSDAL

- | | |
|-------|------------------------------------|
| 07.09 | Kari Anne Tolås og Lars Boge |
| 27.09 | Mona Lise Pahlm og Robert Stürtzel |



VELKOMEN TIL KYRKJE



3. november - Helgemessesøndag

DALE kl. 11. Kvamsøe. Nattverd.

10. november - 24. søndag etter pinse

EKSINGEDELEN kl. 11. Kvamsøe. Nattverd.

STANGHELLE kl. 18. Fam. gudst. Vikarprest Aagaard. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

17. november - 25. søndag etter pinse

DALE kl. 11. Fam. gudst. Kvamsøe. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4-åringar. Offer til Søndagsskulen.

STAMNES kl. 11. Fam.gudst. Dyrhol. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4-åringar. Offer til Søndagsskulen.

VAKSDAL kl. 18. Vikarprest Aagaard. Nattverd. Offer til Kirkens Bymisjon.

Onsdag 20. november

VAKSDAL kl. Koncert med Anne Lise Berntzen og Nils Henrik Asheim.

24. november - Siste søndag i kyrkjeåret

BERGSDALEN kl. 11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag.

EIDSLAND kl. 11. Vikarprest Aagaard. Nattverd. Offer til Den norske Israelsmisjon.

NESHEIM kl. 16. Kvamsøe. Nattverd.

1.desember - 1. søndag i advent

DALE kl. 11. Jubileumsgudsteneste.

Kvamsøe, Dyrhol, Knudsen. Dale Mannskor m.fl.

Jubileumsfest i Kantina til DGT

Konsert om kvelden

VAKSDAL kl. 18. Lysmesse. Dyrhol

Fredag 6. desember

GRØSVIK kl. 16.30 Adventmøte.

Kvamsøe.

DALE kl. Konsert med orkesteret "Fossegrimen", Dale Mannskor, Kordial, Trengereid Songlag m. fl.

Laurdag 7. desember

BERGSDALEN kl. 16. Lysmesse. Kvamsøe. Utdeling av Barnas Kyrkjebok til 4-åringar

8.desember - 2. søndag i advent

STAMNES kl. 11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens SOS i Bjørgvin.

EKSINGEDELEN kl. 11. Fam. gudst. Dyrhol.

DALE kl. 18. Lysmesse. Kvamsøe.

Fredag 13. desember

VAKSDAL kl. 19. Julekonsert.

Laurdag 14. desember

NESHEIM kl. 16. Lysmesse. Dyrhol.

STAMNES kl. 17. Lysmesse. Kvamsøe.

15.desember - 3. søndag i advent

VAKSDAL kl. 11. Dyrhol. Nattverd.

DALE kl. 18. Konsert med trioen "Tonetindar"

22. desember - 4.s øndag i advent

EIDSLAND kl. 11. Fam.gudst. Kvamsøe.

Offer til Kirkens Nødhjelp.